

Fra: Kjell Ove Homme[kjellove70@hotmail.com]
Sendt: 04.12.2025 20:46:10
Til: Mona Gundersen; Mari Sørum Juva[Mona.Gundersen@fyresdal.kommune.no;
mari.juva@fyresdal.kommune.no]
Tittel: Klage på vedtak i sak 44/25 angående dispensasjon frå reguleringsplan for
Tøddebakkane 30

Hei.

Viser til vedtak om dispensasjon for bygging av ein ekstra etasje på Tøddebakkane 30.

Denne mailen blir sendt på vegne av Sitjevegen 16 og Sitjevegen 17.

Vi vil med dette klage på dette vedtaket om å gje dispensasjon frå reguleringsplanen for å bygge på ein 3. etasje på Tøddebakkane 30.

- Vi ser i hoveddokumentet at det er kommet feil opplysninger. Det står følgende: "**Utføring av påbygg på bustaden vil heve mønehøgda med om lag 2 meter, til 6,2 m. Det betyr at det absolutte høgdekravet i planen på gesimshøgde 6,5 m framleis overhaldast.**"

Dette stemmer ikkje. Heving av mønehøgde vil vere på 2027mm og vil då få ei mønehøgde på 7,647m. Og ikkje 6,2m som det står i hoveddokumentet.

Dette har og blitt påpekt i forkant av både befaring og møte den 11.November 2025. Men vi ser at dette ikkje er rettet på og at det fortsatt står feil i sakspapirene.

- Vi ser og i søknaden om dispensasjon at det er kommentert på våre merknader om at utsikten våres vil bli berørt.

I søknaden frå Hjorth Arkitekter AS står følgende: "**Avstanden og høydeforskjellen gjør det urimelig å hevde at påbygget vil skjerme for hele utsikten mot**

Fyresvatn. Naboens utsyn ligger over takplanet til tiltaket selv etter påbygg, og hovedretningen for utsikt mot vannet vil i all hovedsak være uendret."

"Det er derfor ikke riktig at påbygget vil skjerme for «vesentlig utsikt» eller medføre at hele utsikten forsvinner. Tvert imot vil store deler av utsikten mot vannet og sentrum beholdes."

Dette er påstander som vi mener er heilt feil. Og noke dykk sikkert såg når dykk bl.a var på befaring hos Sitjevegen 16.

Det er vel ikkje tvil hos noken at når ein bygger eit bygg 2meter høgare en eksisterande, så vil bygget bli høgare og det skjerme for utsikten for dei som bur ovanfor.

Vedlagt ligger noen bilder med litt streker som viser hva som forsvinner av utsikt for oss.

Den utsikten vi har her oppe nå er noe vi verdsetter veldig høgt og som er veldig viktig for oss. Og hvis den forsvinner så forsvinner og mye av det som gjorde til at vi har kjøpt hus her oppe.

- Det blir ikkje tatt hensyn til at i den samme reguleringsplanen i den samme paragrafen 3 at **"Byggingene skal ha maksimum 2 etasjer på terrengets laveste side."**
- Vi som naboar synes dette blir en stor ulempe både med utsikten, men og det estetiske i området. Det er vi som blir dei "skadelidende" her og som må sitte å sjå inn i det taket som blir bygd på i staden for å ha den utsikten vi har nå i dag. Dette påbygget av ein etasje er noke som vil vere der for alltid og som ikkje er "reverserbart" . Og vi føler med dette vedtaket som blei gjort den 11.November 2025 at det ikkje blir tatt hensyn til oss som allerede bur i her og som blir berørt av dette.

- Viser og her til Naboloven paragraf 2 der det står følgende:

« Ingen må ha, gjera eller setja i verk noko som urimeleg eller uturvande er til skade eller ulempe på granneeigedom. Inn under ulempe går òg at noko må reknast for farleg.»

Ved å gi dispensasjon til å bygge en ekstra etasje på Tøddebakkane 30 så vil dette utgjere en stor ulempe for oss.

Derfor meiner vi at det ikkje må gis dispensasjon til dette bygget.

Vedlagt ligger eit par bilder fra Sitjevegen 16 og fra Sitjevegen 17 som viser kva som forsvinner av utsikt. Den utsikten som er mellom dei orange strekane og takmøne vil forsvinne.

Den nye gesimshøgda vil etter skisser fra Hjort Arkitekter bli ca 30cm over nåverande mønehøgde.

For Sitjevegen 16 så vil mye av utsikten ned mot vantnet forsvinne. Er en ekstra uheldig så er marginane veldig små og då vil og utsikten til familiegarden på vest siden av Fyresvatn forsvinne. Ein utsikt som er veldig viktig .

For Sitjevegen 17 så vil all utsikt ned mot sentrum, skule områdene forsvinne.

For begge eigedomane så er desse utsiktene veldig viktig for oss og noke vi verdsetter veldig høgt.

Så vi håper at dykk kan snu i denne saken og reversere vedtaket om å gje dispensasjon for å bygge på ein 3. etasje på Tøddebakkane 30.

Vi ønsker og at ein evt byggeprosses ikkje blir satt i gang før klagen er behandlet på nytt.

Med venlig helsing
Inger Berit Lie
Kjell Ove Homme